



Notat til fylkesordføreren

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		19420/2020/		26.02.2020

## Årsrekneskapen for Møre og Romsdal fylkeskommune for 2019

### Regnskap og årsresultat 2019


For 2019 fekk Møre og Romsdal fylkeskommune eit positivt netto driftsresultat på 313,5 mill. kroner. Når vi korrigerer for premieavvik, bruk av bundne fond og tunnellsikringsmidlar, endar vi opp med eit resultat på 193,7 mill. kroner. Dette utgjer 3,6 % av driftsinntektene våre og er nært opp til anbefalt netto driftsresultat på 4 % satt av Teknisk beregningsutval (TBU). Fylkeskommunedirektøren vil orientere om dei viktigaste avvika, og kome tilbake til fylkestinget 25. mars 2020 med ei meir detaljert utgreiing.

### Avvik mot budsjett

Når vi samanliknar resultatet vårt med budsjettet, fekk vi positive avvik både på inntekts- og utgiftssida. Vi fekk auka skatteinntang, god avkastning på fondsplasseringar, eit moderat lønnsoppgjer, positiv reguleringspremie og mindreforbruk hos samtlige avdelingar, jf. modell 1.

#### Modell 1

Forklaring av større avvik budsjett vs regnskap 2019



1. Kompensasjon for tunnelsikring for 2020

KMD har erkjent at det ved ein feil ikkje vart tildelt tunnelsikringsmidlar til Møre og Romsdal fylkeskommune for 2020. Noko som førte til at om lag 61 mill. kroner av midlane vart overført i rammetilskot desember 2019. Dette bidrog til ein auke av netto driftsresultat for 2019.

2. Avvik finansområdet

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit positivt finansresultat på 25,8 mill. kroner. Av dette ligg 5,5 mill. kroner som auka renteinntekter, under punkt 4 innsparing frå driftsrammer. Resterande mindreforbruk på 20,3 mill. kroner skuldast i hovudsak høgare renteinntekter på om lag 12 mill. kroner som følge av betre likviditet og høgare rentenivå. I tillegg vart avkastninga på kapitalfondet på 5,7 mill. kroner betre enn budsjettert.

3. Reserveposten lønn

Lønnsoppgjer er ein post som varierer frå år til år. For eksempel vart den på -2,9 mill. kroner i 2018. For 2019 fekk vi eit positivt avvik på 19,5 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak eit lågare lønnsoppgjer enn budsjettert, på 14,4 mill. kroner. I tillegg til påverkinga frå reguleringspremien på om lag 4,1 mill. kroner.

4. Innsparing frå driftsrammer

Det vi kan i størst mogeleg grad påverke sjølve, går på rammene ut til avdelingane. Her ser vi at alle leverer godt og er innanfor budsjett. Det kan sjå ut som at arbeidet vårt med omstilling og auka merksemd på å kutte kostnader, allereie gir seg utslag i eit redusert driftsnivå.

Med bakgrunn i budsjettreglementet har avdelingane med seg eit akkumulert mindreforbruk på 53,65 mill. kroner frå 2018. Ved å levere betre enn budsjettert, aukar det akkumulerte mindreforbruket med 35 mill. kroner (1 %) til 88,7 mill. kroner.

*Modell 2.*

(Tall i heile 1000)		Mindreforbruk fra 2018	Mindreforbruk 2019	Auke i mindreforbruket fra 2018-2019
D01	Fellesutgifter og utgifter til fordeling	3 067	3 300	233
D02	Politisk verksemd	300	600	300
D03	Stabsfunksjonar	8 293	6 800	- 1 493
D04	reserveposten	-	-	
D05	Vidaregåande opplæring	44 410	54 000	9 590
D06	Fagskolane i Møre og Romsdal	2 200	2 700	500
D09	Tannhelsetenester	- 1 339	2 700	4 039
D10	Kulturtenester	188	1 700	1 512
D11	Regional- og næringsutvikling	7 703	5 800	- 1 903
D12	Samferdselstenester	- 12 896	9 100	21 996
D14	Sentrale kontrollorgan	1 724	2 000	276
<b>Sum</b>	<b>Avdelingane</b>	<b>53 650</b>	<b>88 700</b>	<b>35 050</b>

5. Auka skatt og rammetilskot

*«Skattetallene fra SSB for 2019 viser at fylkeskommunene fikk 35,1 mrd. kroner i skatteinntekter. Vekstanslagene ble oppjustert i oktober til 4,2 prosent for fylkeskommunene. Den faktiske veksten ble på 5,1 prosent mer enn i 2018 og sterkere vekst enn anslått så sent som i oktober 2019. Både kommunene og fylkeskommunene hadde nær 12 prosent høyere skatteinntekter i desember 2019 enn tilsvarende måned året før.*

*Fortsatt høye utbytteinntekter til personlige skatteyttere, trolig som følge av tilpasninger til økt utbyttebeskatning, har også dette året bidratt til økte skatteinntekter for kommunene», (Skriv fra KS datert 17.01.20).*

Prognosen for Møre og Romsdal fylkeskommune når det gjeld skatt og rammetilskot vart justert opp med 35 mill. kroner i 2. tertial 2019, i tråd med KS sin prognose i oktober 2019. Prognosen for netto driftsresultat vart justert opp frå 36,4 til 71,4 mill. kroner. Dette vart fylkestinget orientert om i eit notat den 15.10.2019. Det vart ikkje føretatt budsjettregulering i samband med dette.

6. Korrigeringsbundne fond

Vi har avsett meir til fond enn vi har brukt når vi samanliknar budsjett og rekneskap. Omlag 18 mill. kroner har vi avsett til bundne fond utover bruk. Det er med på å auke netto driftsresultatet vårt.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*